



# NOREGS HØGSTERETT

Den 6. juli 2018 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Matningsdal, Bårdsen og Høgetveit Berg i

**HR-2018-1350-U, (sak nr. 18-093597STR-HRET), straffesak, anke over dom:**

A (advokat Brynjulf Risnes)

mot

Påtalemakta

sagt slik

D O M :

- (1) Saka gjeld spørsmålet om lagmannsrettens dom må opphevast på grunn av inhabilitet, fordi ein av dommarane var sambuar med den tiltaltes tidlegare forsvarar i saka.
- (2) Ved tiltalevedtak 5. juni 2017 vart A sett under tiltale for brot på:

**"I Straffeloven (2005) § 275  
for å ha drept en annen**

**Grunnlag:**

Tirsdag 14. juni 2016 ca. kl. 18.17 på X i Oslo stakk han B flere ganger i halsen og ansiktet med en kniv. To av knivstikkene skar over den ytre halsvenen og skadet den indre halspulsåren, og B døde av forblødning fra disse skadene.

**II For perioden frem til 31. desember 2005:**

**Straffeloven (1902) § 219 første ledd**

for ved mishandling eller annen lignende atferd oftere eller grovt å ha krenket sine plikter mot ektefelle eller barn eller mot noen av hans husstand tilhørende person som på grunn av sykdom, alder eller andre omstendigheter er ute av stand til å hjelpe seg selv

For perioden fra og med 1. januar 2006 til og med 30. september 2015:

Straffeloven (1902) § 219 annet ledd jf. første ledd

for grovt eller gjentatt å ha mishandlet, ved å ha truet, tvunget, begrenset bevegelsesfriheten til, øvet vold mot eller på annen måte ha krenket sin ektefelle eller samboer, sin slekting i rett nedstigende linje eller noen i sin husstand. Mishandlingen er grov særlig fordi det legges vekt på at den har vart over lang tid.

For perioden fra og med 1. oktober 2015:

Straffeloven (2005) § 283 jf. § 282

for alvorlig eller gjentatt å ha mishandlet, ved trusler, tvang, frihetsberøvelse, vold eller andre krenkelser, sin ektefelle eller samboer eller sin slekting i rett nedstigende linje. Mishandlingen er grov særlig fordi det legges vekt på dens varighet.

Grunnlag:

a)

I perioden fra 2003 til 14. juni 2016, i Trondheim og Oslo eller andre steder i Norge mishandlet han sin ektefelle B ved vold, trusler, krenkende utsagn og begrensninger i hennes bevegelsesfrihet, blant annet på følgende måter:

- ved en anledning i 2011 kastet han en stol mot henne,
- tirsdag 1. mars 2016 tok han tak i skuldrene og hodet hennes og ristet henne og sa at 'hun bare kunne vente seg de neste par dagene' og at han skulle drepe henne, eller lignende,
- søndag 15. mai 2016 tok han kvelertak på henne og slo henne flere ganger i ryggen og armene før han kjøpte flybillett til Russland til henne, tok fra henne mobiltelefonen, dro sammen med henne til Oslo lufthavn og sa at han skulle drepe henne om hun kom tilbake og at hun kunne bare glemme å se barna igjen, eller lignende,
- ved flere andre anledninger slo han henne, holdt og ristet henne og tok kvelertak på henne
- ved flere andre anledninger sa han til henne eller til andre at han skulle drepe eller skade henne,
- ved en anledning holdt han en kniv mot halsen hennes og sa 'du vet at jeg kan gjøre det' eller lignende,
- ved gjentatte anledninger kontrollerte han hvor hun var eller hvem hun var sammen med og nektet henne å besøke venner,
- ved gjentatte anledninger kalte han henne 'hore' og sa at hun var 'dum', 'stygg' og 'feit' eller lignende

b)

I perioden fra 2003 til 14. juni 2016, i Trondheim og Oslo eller andre steder i Norge mishandlet han sin datter C, født 00.00.1999 ved vold, trusler, og krenkende utsagn, blant annet ved at han gjentatte ganger:

- holdt henne i armen og dro henne med seg, dyttet henne, kløp henne i overarmene og laret og slo henne i hodet
- kastet gjenstander og/eller mat mot henne
- kalte henne 'hore' og 'udyrlig' og sa at hun ikke var verdt noen ting, eller lignende
- i hennes nærvær mishandlet hennes mor, B som nevnt i post II, grunnlag a."

(3) Oslo tingrett sa dom 29. november 2017 med slik domslutning:

- "1. A, født 00.00.1974, dømmes for overtredelse av straffeloven 2005 § 275, og to overtredelser av straffeloven 1902 § 219 første ledd slik bestemmelsen lød før lovendring 01.01.2006, straffeloven 1902 § 219 annet ledd, jf første ledd slik bestemmelsen lød etter lovendringen 01.01.2006 og straffeloven 2005 § 283 jf § 282 til fengsel i 17 – sytten – år og 9 – ni – måneder, jf. straffeloven 2005 § 79 bokstav a.
2. Varetekts komme til fradrag med 521 dager per 14.11.2017 jf. straffeloven 2005 § 83.
3. A dømmes til å betale oppreisning pålydende 400 000 – firehundretusen – korner til C, født 00.00.1999 innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av denne dom.
4. A dømmes til å betale erstatning for tap av forsørger pålydende 226 826 – tohundreogtjuesekstusenåttehundreogtjueseks – kroner til C, født 00.00.1999 innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av denne dom.
5. A dømmes til å betale oppreisning på 300 000 – trehundretusen – kroner til E født 00.00.2005 innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av denne dom.
6. A dømmes til å betale erstatning for tap av forsørger på 323 231 – trehundreogtjuetretusentohundreogtrettien – kroner til E født 00.00.2005 innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av denne dom.
7. A dømmes til å betale oppreisning på 300 000 – trehundretusen – kroner til D født 00.00.2009, innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av denne dom.
8. A dømmes til å betale erstatning for tap av forsørger på 364 488 – trehundreogsekstifiretusenfirehundreogåttiåtte – kroner til D født 00.00.2009, innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av denne dom.
9. A fradømmes rett til arv etter B."

(4) A anka til lagmannsretten. Anken gjaldt straffutmålinga. Ved Borgarting lagmannsretts vedtak 26. februar 2018 vart anken vist til ankeforhandling.

(5) Ankeforhandling vart halde 11. til 13. april 2018. Rettens leiar var lagmann Tonje Vang. Borgarting lagmannsrett sa dom 18. april 2018 med slik domsslutning:

**"I tingrettens dom gjøres den endring at straffen settes til fengsel i 19 – nitten – år.**

**Til fradrag for utholdt varetekts kommer 676 – sekshundreogsyttiseks – dager."**

(6) A har anka til Högsterett. Anken gjeld sakshandsaminga og straffutmålinga. A har i korte trekk gjort gjeldande at hans forsvarar, etter mottaket av lagmannsrettens dom, tilfeldig vart merksam på at rettens administrator, lagmann Tonje Vang, er sambuar/ektefelle med den tiltalte sin tidlegare forsvarar i saka, Bjørn Rudjord. Lagmannen var difor inhabil etter domstollova § 108. Når det gjeld straffutmålinga, inneholdt denne fleire faktafeil.

(7) *Påtalemakta* har teke til motmåle og har i korte trekk gjort gjeldande at Rudjords forsvararoppdrag var kortvarig og låg langt tilbake i tid då ankeforhandlinga vart gjennomført. Den utmålte straffa er korrekt.

(8) *Högsteretts ankeutval* peiker på at anke over dom av lagmannsretten kan avgjerast utan ankeforhandling når utvalet samråystes finn det klart at dommen heilt eller delvis bør opphevest, jf. straffeprosesslova § 323 tredje ledd bokstav a.

- (9) Etter domstollova § 108 må ingen vera dommar når "særegne omstendigheter foreligger, som er skikket til å svekke tilliten til hans uhildethet". Spørsmålet er om det ligg føre særlege omstende som gjer at lagmann Vang må reknast som inhabil etter domstollova § 108, jf. også Grunnlova § 95 første ledd første punktum og EMK artikkel 6.
- (10) Det er ingen haldepunkt for – og er heller ikkje gjort gjeldande – at lagmann Vang på nokon som helst måtte ikkje er upartisk eller uavhengig. Men dette er ikkje avgjerande; vurderinga av habilitet omfattar også tilfelle der det ut frå ein objektiv målestokk kan vera grunn til å trekke i tvil om dommaren kan vera upartisk eller uavhengig. Spørsmålet er korleis det heile tek seg ut – frå ståstaden til den sikta og for ein vanleg observatør, jf. mellom anna Rt-2009-1662 avsnitt 10:
- "Utviklingen i rettspraksis viser at man av hensyn til å skape og opprettholde tilliten til domstolene har lagt økt vekt på hvordan situasjonen rimeligvis kunne oppfattes. Er det objektivt sett rimelig og saklig grunn til å trekke dommerens uhildethet i tvil, skal han ikke delta ved pådømmelsen, jf. Rt-2008-1466 avsnitt 28 og Rt-2009-225 avsnitt 19."**
- (11) Spørsmålet om ein dommar er habil etter domstollova § 108 må avgjerast konkret.
- (12) I nyare høgsterettspraksis er særleg risikoen for uformell informasjonsflyt trekt fram, sjå Rt-2015-975 avsnitt 15 og Rt-2012-289 avsnitt 7 med vidare tilvisingar. At ein forsvarar har teieplikt også overfor sambuaren sin, kan ikkje vera avgjerande i ei objektiv vurdering av korleis den sikta eller ein vanleg observatør vil sjå på risikoen for uformell informasjonsflyt.
- (13) Saka her er ei svært grov straffesak der tiltalte i tingretten vart dømt til fengsel i 17 år og ni månader. Tiltalte si ektefelle vart knivstukken på ein offentleg gangveg. Saka har fått stor mediemerkeemd.
- (14) Bjørn Rudjord var forsvarar for tiltalte frå 14. juni 2016, som var dagen drapet skjedde, til 9. august 2016, då den noverande forsvararen vart oppnemnt. Rudjord hjelpte den tiltalte i fleire avhøyr og fengslingsmøte. Det var offentleg kjent at Rudjord var forsvarar i saka. Dette kjem fram av fleire avisartiklar.
- (15) Etter det opplyste var lagmann Vang og advokat Rudjord sambuarar i over 15 år før dei gifta seg i 2018.
- (16) Spørsmålet om habilitet var ikkje eit tema under ankeforhandlinga i lagmannsretten. Både den tiltalte og påtalemakta reknar med at grunnen til dette var at lagmannen ikkje var klar over at Rudjord tidlegare hadde vore forsvarar i saka.
- (17) Forholdet er under alle omstende – objektivt sett – eigna til å svekke tilliten til at lagmann Vang var upartisk og uavhengig, og ho må difor reknast som inhabil.
- (18) Lagmannsretten var etter dette ikkje lovleg samansett. Lagmannsrettens dom med ankeforhandling må opphevest, jf. straffeprosesslova § 343 andre ledd nr. 3 og § 347 første ledd.
- (19) Dommen er samrøystes.

**D O M S S L U T N I N G:**

Borgarting lagmannsretts dom 18. april 2018 med ankeforhandling blir oppheva.

Arnfinn Bårdsen  
(sign.)

Magnus Matningsdal  
(sign.)

Borgar Høgetveit Berg  
(sign.)

Rett utskrift: